

# Plan for tilsyn med barnehagane i Vik kommune 2024 - 2028

- Ivaretaking av kommunen sine oppgåver som barnehagemynde
- Tilsyn og rettleiing av barnehagane i kommunen



## Innhald

Innhald.....	2
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Bakgrunn.....</b>	<b>3</b>
<b>3. Føremål.....</b>	<b>4</b>
<b>3.1 Rettsleg grunnlag: .....</b>	<b>5</b>
<b>3.1.1 Rettsleg grunnlag for utøving av tilsyn og rettleiing:.....</b>	<b>5</b>
<b>4. Kven gjer kva? Organisering av barnehagemynde i Vik kommune .....</b>	<b>7</b>
Barnehageeigar .....	7
Barnehagemynde .....	8
Delegeret mynde som barnehageeigar.....	9
Delegeret mynde som barnehagemynde.....	9
<b>5. Risikovurdering .....</b>	<b>11</b>
<b>5.1 Skjønn.....</b>	<b>14</b>
<b>6. Rettleiing – Vik kommune sitt ansvar for rettleiing.....</b>	<b>15</b>
<b>7. Tilsyn .....</b>	<b>17</b>
<b>7.1 Føremålet med tilsyn.....</b>	<b>17</b>
<b>7.2 Ulike former for tilsyn .....</b>	<b>17</b>
<b>7.2.1 Tematilsyn etter plan .....</b>	<b>17</b>
<b>7.2.2 Tilsyn etter risikovurdering.....</b>	<b>18</b>
<b>7.2.3 Hendingsbasert tilsyn.....</b>	<b>18</b>
<b>7.2 Saksgang under tilsyn .....</b>	<b>18</b>
<b>8. Internkontroll .....</b>	<b>21</b>
<b>9 Evaluering.....</b>	<b>22</b>
<b>10 Referansar .....</b>	<b>24</b>

## **1. Innleiing**

Denne planen for tilsyn omtalar og utdjupar barnehagemynde sitt ansvar og oppgåver knytt til rettleiing og tilsyn i private og kommunale barnehagar i Vik kommune, og korleis dette skal utførast i praksis.

Per 01.08.2024 er det 3 barnehagar i Vik kommune. Alle barnehagane er kommunale. Dette er barnehagane:

Fresvik, Feios og Vik ( sju avdelingar).

Denne planen viser på kva måte Vik kommune arbeider for å ivareta kommunen sitt ansvar som barnehagemynde. Planen omfattar i hovudsak oppgåvene knytt til tilsyn og rettleiing. I kraft av dei fullmakter som barnehagemynde gjev kommunen, har ein 3 verkemiddel til disposisjon: rettleiing, tilsyn og godkjenning. Kommunen pliktar også å utarbeida ei risikovurdering som ligg til grunn for val av verkemiddel. Som barnehagemynde må kommunen ha oversikt over barnehageeigar sine plikter etter barnehagelova.

## **2. Bakgrunn**

Alle barnehagane må vera godkjende av kommunen før ein startar opp. Kommunen som barnehagemynde rettleiar kommunale og private barnehagar etter Lov om barnehagar, og fører tilsyn med at barnehagane utfører dei oppgåvene dei skal i høve til Lov om barnehage med forskrifter.

Frå 1. januar 2021 trådde det i kraft fleire endringar i lov om barnehagar med føreskrifter. Desse endringane påverka særleg barnehagemynde sitt arbeid og krav om internkontroll, nye lovgjeving rundt barna sitt psykososiale miljø, ei vurdering av kva som er barnet sitt beste i sakshandsaming og krav til likebehandling og uavhengigheit.

Kommunen si rettleiing og tilsyn med barnehagane er difor sentralt i barnehagemynde sitt arbeid i å sikra at borna får eit forsvarleg tilbod.

I Vik kommune er det berre kommunalt eigde barnehagar.

Det er viktig at det vert etablert tillit til kommunen som barnehagemynde.

Tilsyn er ei oppgåve som vert utført av barnehagemynde og det set krav til lik prosedyre og praksis, uavhengig av eigarform ( kommunalt/privat).

Denne planen for tilsyn i barnehagane i Vik kommune, gjev ei oversikt over myndighetsoppgåver knytt til rettleiing og tilsyn med barnehagane i kommunen.

Planen skal kvalitetssikre og synleggjere korleis kommunen arbeider systematisk med tilsyn.

### **3. Føremål**

Etter barnehagelova § 53, er kommunane pålagde å føra tilsyn med barnehagane i kommunen. Det overordna føremålet med kommunen sitt tilsyn med barnehagane er å bidra til at alle born får eit godt barnehagetilbod.

Dette dokumentet inneholder Vik kommune sin overordna plan for myndighetsoppgåver knytt til rettleiing og tilsyn med barnehagane i kommunen. Dokumentet skal vera eit arbeidsreiskap for barnehagemynde, samstundes som det skal synleggjera for omgjevnadene på kva måte myndighets og tilsynsansvaret vert ivareteke.

Kommunen sitt tilsynsmandat er å sjå til at verksemdene vert drivne etter barnehagelova med forskrifter, og elles er forsvarlege. Gjennom tilsyn ynskjer me at verknadene vert at regelverket skal verta fylgte i praksis ( regelverketterleving). Føremålet med planen er å gje informasjon og skapa føreseieleighet for alle barnehagane i kommunen, samt foreldre/føresette og tilsette, om kommunen si rolle som tilsynsmynde.

Vik kommune har følgjande kommunale barnehagar:

Fresvik, Feios og Vik ( sju avdelingar).

Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 og 12, seier at born og unge har rett til å verta høyrde i saker som vedkjem dei. « Barnets beste» skal vera eit grunnleggande omsyn i slike saker.

### **3.1 Lovgrunnlag:**

Kommunen si rolle som barnehagemynde er heimla i Lov om barnehage kapittel X Tilsyn. Barnehagelova definerer barnehagemynde sine oppgåver, forvaltningslova gjev reglar for sakshandsaminga.

#### **3.1.1 Rettsleg grunnlag for utøving av tilsyn og rettleiing:**

Som lokal barnehagemynde skal kommunen gje rettleiing om, sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med bestemmelsane i barnehagelova med forskrifter, jamfør barnehagelova § 10 fyrste ledd.

Kommunane har i tillegg ansvar for å føre tilsyn med krav etter anna regelverk enn barnehagelova. Mellom anna forskrift om helse og miljø i barnehage, skule og skulefritidsordningar , samt forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn. Dette regelverket er ikkje omhandla i denne planen.

Kommunen skal likebehandla kommunale og private barnehagar når den utfører oppgåve som barnehagemynde, jamfør barnehagelova § 11.

Kommunen har rett til innsyn i dokument og tilgang til barnehagelokale i den grad dette vert vurdert til å vera naudsynt for å ivareta kommunen sine oppgåver som barnehagemynde, jamfør barnehagelova § 10 femte ledd.

Kommunen føre tilsyn med verksemda etter barnehagelova, og kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjende eller godkjenningspliktige verksemder.

Dersom fristen for å fylgja pålegget ikkje vert gjort, eller dersom forholdet ikkje let seg retta opp i, kan kommunen gjera vedtak om tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda, jamfør forskrift om overgangsreglar til barnehagelova – tilsyn – rettleiing – reaksjonar mv. §2.

Kommunen sin heimel for å føra tilsyn med barnehagar vil fylgja barnehagelova § 53 når denne bestemminga trer i kraft.

Lokal barnehagemynde må følgje dei forvaltningsrettslege reglane i forvaltningslova samt ulovfesta forvaltningsrettslege prinsipp, under utøving av sitt arbeid.

Vidare føl det av Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen at barn og unge har rett til å bli høyrd i sakar som omhandlar dem. Prinsippet om barnets beste skal være et grunnleggjande omsyn i alle vurderingar kring barn og unge sine rettar.

## Kunnskapsgrunnlag - Regelverk barnehagemynde kan føra tilsyn med

### Lov: Barnehagelova med forskrifter.

#### Barnehagelova:

§ 1	Føremål
§ 2	Barnehagens innhold
§ 2a	Plikt til å samarbeide med skolen om overgang fra barnehage til skole
§ 2b	Samarbeid og samordning
§ 3	Barns medvirkning og hensynet til barnets beste
§ 4	Foreldreråd og samarbeidsutvalg
§ 5	Felles samarbeidsutvalg for barnehage og skole (oppvekstsentre)
§ 6	Virksomhetens plikt til å søke godkjenning
§ 7	Barnehageeiers ansvar
§ 7 a-b	Barnehagens organisering
§ 8	Krav til vedtekter
§ 9	Krav til internkontroll i barnehagen
§ 16	Rett til plass i barnehage
§ 17	Samordnet opptaksprosess i kommunen
§ 18	Prioritet ved opptak
§ 28	Krav om norskferdigheter for personer med utenlandske yrkeskvalifikasjoner som styrer eller pedagogisk leder
§ 24 og 25	Styrar, pedagogisk personale
§ 26	Grunnbemanning
§ 27	Krav om norskferdigheter for å bli ansatt i barnehage
§ 41	Nulltoleranse og forebyggende arbeid
§ 42	Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

§ 43	Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehage, krenker et barn
§ 15	Familiebarnehager
§ 20	Foreldrebetaling
§30	Politiattest
§ 19	Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehager
§ 17	Samordnet opptaksprosess i kommunen
§ 10	Barnehagemyndighetens ansvar
§ 31	Barnehagemyndighetens ansvar

## 4. Kven gjer kva? Organisering av barnehagemynde i Vik kommune

Lov om barnehager pålegg kommunen plikter både som eigar av barnehagar og som lokal barnehagemynde.

Etter barnehagelova § 11 er kommunen pliktig å organisere oppgåvene som eigar og lokal barnehagemynde på ein slik måte at kommunen sikrar upartisk utføring av oppgåvene som ligg til funksjonen som barnehagemynde. For på den måte å sikre lik og upartisk handsaming av dei kommunale og private barnehagane. Utføringa av oppgåvene som ligg til barnehagemynde skal skje på ei måte som gir tillit til at forvaltninga er upartisk. Kommunane vert råda til å organisere oppgåvene med drift av barnehagar som eigar av barnehage avskilt frå oppgåvene som ligg til barnehagemynde. Dette for å sikre den upartiske utøving av barnehagemynde i kommunen.

### Barnehageeigar

Kommunedirektøren er barnehageeigar og har det overordna ansvaret for at kommunen har gode tenester.

Eigar av barnehagen skal sjå til at kommunen følgjer regelverk og eigne system som er utarbeida i kommunen.

Eigar har eit sjølvstendig ansvar for at barnehagelova med forskrifter vert følgt.

Kommunedirektøren fastsett gjennom retningslinjer og delegasjon kven som har ansvaret for oppfølging og gjennomføring.

## **Barnehagemynde**

Kommunen som barnehagemynde har ansvar for å sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Barnehagemynde har som oppgåve å fatta vedtak om godkjenning av barnehagar, handsama søknader om dispensasjonar og finansiera private barnehagar. I tillegg kjem andre oppgåver som følgje av barnehagelova med forskrifter. Det er først og fremst oppgåva med å fatta vedtak og handsama søknader om dispensasjonar som må skiljast ut frå eigarrolla.

Barnehagemynde kan gje pålegg om retting av ulovlege eller uforsvarlege tilhøve ved godkjende, eller godkjenningspliktige verksemder. Avgjerda om å gje pålegg om retting av uforsvarlege tilhøve skal fungere som ein tryggleik. Samt fange opp tilhøve som ikkje er direkte regulert i barnehagelova, men som kan føre til uforsvarlege tilhøve for barna sin trivsel, leik, læring og utvikling i barnehagane.

Å sikre at regelverk vert følgt medfører både ein aktivitet for å vurdere risiko for brot på barnehagelova med forskrifter, og ei plikt til å bruke verkemidla slik at barnehageeigar sin praksis er i samsvar med regelverket.

For å sikre rettstryggleiken til alle barnehageeigarar i Vik kommune, og for å sikre legitimiteten av arbeidet er kommunen si eigarrolle i barnehagesektoren fråskilt frå rolla som barnehagemynde.

Etter kommunelova § 13 – 1, kan delegering til kommuneadministrasjonen gå til kommunedirektøren som ev kan delegera mynde vidare til sine underordna. Delegeringa frå kommunedirektøren til dei som fattar vedtak som barnehagemynde, må vera forsvareleg. Kva som utgjer forsvareleg delegering, er ei skjønnsmessig vurdering. I denne vurderinga kan det m.a. leggjast vekt på både at både kommunedirektøren og dei som har fått delegert vedtaksmynne, stadfestar at mynde er delegert, og at alle er samde om omfanget av delegeringa. Vidare må dei som har fått delegert mynde, ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Det er ikkje formkrav til delegeringa frå kommunedirektøren ([www.udir.no](http://www.udir.no))

Barnehagelova er utforma slik at den gjev stor fridom og fleksibilitet til kommunen når det gjeld organisering og drift av barnehagesektoren. Når barnehagelova legg opp til at meir enn ei løysing kan vera lovleg, er det kommunen sjølv som skal gjera dette valet ([www.udir.no](http://www.udir.no)).

## **Korleis kommunen løyser oppgåvene sine:**

Kommunen kan sjølv velgje korleis den løyser oppgåvene sine, innafor rammene som fyl av barnehagelova og forvaltningslova. Dvs at det er barnehagemynde som sjølv avgjer korleis

ein rettleiar og korleis eit ev tilsyn vert gjennomført. Barnehagemynde har tre verkemiddel når den utøver mynde: rettleiing, tilsyn og godkjenning.

### **Delegert mynde som barnehageeigar**

I Vik kommune er kommunalsjef oppvekst eigar av dei kommunale barnehagane og er delegert ansvaret for å følgje opp pliktane som ligg til barnehageeiger etter barnehagelova med forskrifter.

### **Delegert mynde som barnehagemynde**

Barnehagemynde er lagt til kommunalsjef samfunn, næring og kultur. Det er kommunen sin vurdering at dette er beste organisering for å sikre at oppgåvene som ligg til barnehagemynde vert handtert upartisk.

#### **I tolkingsuttale frå Udir 17.12.2020 heiter det:**

*«kommunen må altså ikke skille alle oppgavene, men kommunen må foreta en konkret vurdering av hvilke oppgaver som må organiseres adskilt for å ivareta tilliten til kommunens upartiskhet som barnehagemyndighet.»*

**Barnehagelova med tilhøyrande forskrift omtalar kva oppgåver barnehagemynde skal utøva:**

- § 10 Kommunens ansvar
- § 14 Godkjenning
- § 15 Familiebarnehager
- § 16 Rett til plass i barnehage
- § 17 Samordnet opptaksprosess i kommunen
- § 18 Prioritet ved opptak
- § 19 Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehager
- § 20 Foreldrebetaling
- § 23 Krav til bruk av offentlig tilskudd og foreldrebetaling i private barnehager mv.
- § 24 Styrer
- § 25 Pedagogisk bemanning
- § 26 Grunnbemanning
- § 27 Krav om norskferdigheter for å bli ansatt i barnehage
- § 28 Krav om norskferdigheter for personer med utenlandske yrkeskvalifikasjoner som styre eller pedagogisk leder
- § 29 Forbud mot bruk av klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet
- § 30 Politiattest
- § 37 Barn med nedsatt funksjonsevne
- § 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid
- § 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø
- § 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn
- § 44 Taushetsplikt
- § 45 Opplysninger til den kommunale helse- og omsorgstjenesten og sosialhelsetjenesten
- § 46 Opplysningsplikt til barnevernet
- § 47 Innhenting av opplysninger fra Folkeregisteret
- § 53 Kommunens tilsyn med barnehagene

## **5. Risikovurdering**

Risikovurdering vert lagt til grunn i barnehagemynde sitt arbeid med rettleiing og tilsyn. Når det vert gjort ei risikovurdering, nyttar ein tilgjengeleg kunnskap og informasjon om den einskilde barnehage i kommunen.

Barnehagemynde vurderer jamleg risiko for og konsekvens av brot på barnehageeigar sine plikter. Desse risikovurderingane vert lagt til grunn for rettleiing etter barnehagelova § 10 og tilsyn etter barnehagelova § 53.

Bekymring, tips om brot m.m. kan føra til hendingsbasert tilsyn, eller løysa ut spesifikk rettleiing.

Risikovurderingane byggjer på opplysningar frå barnehagen gjennom årsplan, vedtekter, årsmelding og jamleg rapportering. Difor kan risikovurderingane byggja på både lokale og nasjonale kjelde. Nasjonale kjelde kan vera årsmeldingar (SSB), årsrekneskap (SSB) og brukarundersøkingar (Udir). Alle desse er kjelder som gjev informasjon om kvar enkelt barnehage sin etterleving av regelverket.

### **Døme på kjelder kan være:**

BASIL – innrapportering for barnehagar

Barnnett - kommunen sitt system for opptak av born, oversikt over barnegrupper

Årsplanar

Vedtekter

Foreldre undersøkingar – er gjennomført siste gongen i 2025

Medarbeidarundersøkingar – er gjennomført siste gongen i 2024

10– faktor undersøking

Klagesaker

Bekymringsmeldingar

Møtepunkt for tilsette, styrer og eigar

Kjennskap til barnehagane, til dømes dispensasjonssøknader

Meldingar frå andre kommunale tenester

Medieoppslag

Informasjon / funn ved tidlegare tilsyn

Funn frå tilsyn utført av andre

Anonyme tips

Compilo og kommunen sitt system for å føra avvik, kan og vera ei lokal kjelde. Dvs. systematisk føring av klagesaker og bekymringsmeldingar.

Systematisk loggføring klagar, medieoppslag, stillingsannonser m.m. gjev grunnlag for risikovurderingane. Informasjon på heimesida og oppslag i media om etterleiving av regelverket er også aktuelle kjelder i ei risikovurdering. Til dømes vil hyppige stengingar av barnehage grunna bemanningsutfordring og mange stillingsannonser gi signal om fare for at barnehagen har utfordringar med å oppfylle vilkåra i lov og forskrift.

Vurderingane vil gje grunnlag for at tilsynet treff i høve tema og val av barnehage.

Barnehagemynde brukar kunnskapen frå risikovurderingane som grunnlag for å vurdera:

- Kva barnehage som skal rettleiast eller gjennomførast tilsyn i
- Kva tema som skal rettleiast på eller gjennomførast tilsyn på
- Rettleiing eller tilsyn?
- Tidspunkt for rettleiing og tilsyn

Gjennom eit godt system for risikovurderingar sikrar kommunen som barnehagemynde at rettleiing og tilsyn blir meir målretta og effektivt. Samt at verkemidla retter seg mot dei områda der det er størst behov for forbetring av tenesta.

I vurderinga om type verkemiddel som skal nyttast, må ein vurdere kva som vil være mest føremålstenleg for å nå målet om etterleiving av reglane i barnehagelova.

## Sannsynlegheitsvurdering:

### Inneber vurdering av:

- Kor sannsynleg er det at det førekjem lovbrot?
- Innafor kva tema er det størst sannsynleg for lovbrot?
- I kva barnehagar er det størst sannsynleg for lovbrot?

For å kunna svara på dette best mogleg må barnehagemynde:

- Identifisera kva kjenneteikn eller indikatorar som kan seia noko om kor sannsynleg det er for lovbrot knytt til kvart tema
- Finna kjelde som kan seia noko om korleis dette ser ut for den einskilde barnehage

## **Konsekvensvurdering:**

Konsekvensvurdering skal gje grunnlag for å velgje ut dei tema der lovbrot har størst konsekvensar. Tilsynet skal rettast mot der konsekvensen av lovbrotet er størst.

Konsekvensvurdering inneber ei vurdering av:

- Kor alvorleg konsekvensane av lovbrotet er?
- Innafor kva tema vil lovbrotet ha størst konsekvensar?
- Korleis kan tilsynet rettast inn for å oppnå størst mogleg reduksjon i den samla risikoен for lovbrot i barnehagesektoren?


For å kunna fastsetja dette best mogleg må barnehagemynde:

- Nytta alt kjend informasjon
- Vurdera fleire informasjonskjelde og sjå desse i samanheng

## **Kjelde til konsekvensvurdering:**

- Erfaring frå tidlegare tilsyn
- Media
- Meldingar frå foreldre og tilsette i barnehagen m.m.
- Nasjonale satsingar og kampanjar
- Opplysningar frå andre tilsynsmynde
- Politiske dokument: lovførarbeid, rettleiar

## Risikovurdering om behov for tilsyn og/eller rettleiing:



### 5.1 Skjønn

Barnehagemynde si oppgåve er å avklare innhaldet og intensjonen i lovkravet,

og å fastsette ein minstestandard som barnehagen sin praksis kan bli målt mot.

Førarbeid til barnehagelova, rundskriv, tolkingsuttale gir utfyllande informasjon om kva som er intensjon med dei ulike krava. Føreskrift om rammeplan gir tydelege føringar på kva barn skal erfare gjennom eit pedagogisk tilbod, og kva personalet må gjere for å kunne oppnå dette. Føreskrifta gir utfyllande informasjon om lova, og gir rammer og omsyn som skal bli tatt i vare ved bruk av skjøn.

I tilsyn vil barnehagemynde sjå om barnehagen sin praksis er under minstestandard.

### ***Minstestandard:***

I tilsyn kontrollerer barnehagemynde om praksisen i barnehagen ligg under minstestandard.

Utdanningsdirektoratet definerer minstestandard gjennom:

- Kva omsyn som skal vurderast
- Kriteria som skal leggjast vekt på
- Kor stor vekt kriteria skal ha

Tilsyn eller rettleiing som inneber fagleg skjøn, kan gi funn som ikkje er direkte lovbro, men som likevel krev oppfølging for at kvaliteten i barnehagen skal vere tilfredsstillande. Det kan vere at det vert oppdaga mangel på rutinar eller mangelfull kompetanse. I tillegg til, eller i staden for pålegg til den einskilde barnehage, kan det vere aktuelt å organisere opplæringstiltak eller utarbeide felles rutinar for barnehagane.

Det er ikkje lovpålagt kor ofte og korleis tilsyn skal gjerast.

Barnehagemynde sitt ansvar avgrensar seg til å føre tilsyn etter Lov om barnehagar med forskrifter. Dersom det blir oppdaga brot på andre lover og forskrifter skal dette meldast til gjeldande instans.

## **6. Rettleiing – Vik kommune sitt ansvar for rettleiing**

I merknadene til barnehagelova § 10 heiter det m.a. at kommunen skal gjennom aktiv rettleiing, godkjenning og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen vert drive i samsvar med lovverket.

Rettleiing tyder at barnehagemynde aktivt gjev informasjon til barnehageeigar om eigarplikter i barnehagelova med føreskrifter. Om samfunnskrav og forventningar til verdigrunnlag, rammevilkår, arbeidsmåtar og innhald som ligg i regelverket. Målet er å auke forståinga for krav til pedagogisk arbeid i barnehagane, betre etterleving av regelverket for å styrke kvaliteten i barnehagane.

Ut i frå dette er rettleiing meint at kommunen som barnehagemynde aktivt gjev informasjon til eigar av barnehagane om pliktene deira etter barnehagelova med forskrifter. Rettleiing er eit arbeidsreiskap kommunen som barnehagemynde har for å auka barnehagane si oppfølging av regelverket dei er sett til å forvalta. Rettleiinga kan vera planlagt med bakgrunn av funn i risikovurderinga/ane. Denne rettleiinga kan vera gitt i leiarmøta, fagarena eller på annan måte.

### **Praksisen for rettleiinga:**

Når styrar/barnehageeigar tek kontakt med barnehagemynde for å søkje rettleiing , får dei rettleiing i tråd med oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova med føreskrifter.

### **Møte/besøk i alle barnehagane:**

Vik kommune har barnehagar i Fresvik, Feios og Vik. Relativt fåe barnehagar gjer og at barnehagemynde faktisk besøkjer alle barnehagane, fleire gonger i kvart barnehageår. Besøket varer frå 1-2 timer avhengig av storleiken til barnehagen. Tema varierer ut i frå det som kjem fram i barnehagemynde si risikovurdering. Møte er tredelt: møte med barn og tilsette, leiagrupper og styrar. Det vert utarbeidd eit referat frå desse møta, og framover vil desse referata verta direkte merka med aktuelt tema som fylgje av risikovurderinga.

### **Når barnehagemynde ser at å rettleia ikkje fører fram:**

I dei tilfella der kommunen som barnehagemynde har vald å nytta rettleiing som verkemiddel og rettleiinga ikkje fører til at reglane og lovene vert berte følgde samanlikna med tidlegare vil det verta naudsynt å nytta tilsyn som verkemiddel.

Det er likevel ikkje ein føresetnad at kommunen har nytt rettleiing i forkant av tilsyn.

Rettleiing kan verta gitt for å førebyggja lovbro. Til dømes informasjon om nytt regelverk eller førebyggande rettleiing for å forhindra praksis som kan føra til uforsvarleg drift eller lovbro. Rettleiing kan og verta gitt for å retta uheldig praksis, uforsvarleg drift eller lovbro.

## 7. Tilsyn

### 7.1 Føremålet med tilsyn

Hovudmålet i alt arbeid etter barnehagelova er å stetta vilkåra i føremålsparagrafen i barnehagelova § 1, trygt og godt barnehagemiljø. I føremålsparagrafen heiter det m.a. at barnehagen skal:

*«..bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap»*

Målet i alt tilsynsarbeid er betring og etterleving av krav i lov og forskrift.

Utover dette vil ein ved tilsyn oppnå tre delmål:

- Kommunen hjelper barnehagane med å etterleva vilkåra og føremålet med barnehagelova, ved at avvik må rettast
- Tilsyn er eit godt hjelpemiddel/arbeidsreiskap for barnehagane til å sikra at dei driftar i samsvar med lov og forskrift
- Tilsyn aukar bevisstgjeringa i barnehagane, ved at tilsyn gjer barnehageeigar meir bevisst på at dei fyl lov og forskrift

### 7.2 Ulike former for tilsyn

Barnehagemynde gjennomfører ulike former for tilsyn med barnehagane i kommunen.

#### 7.2.1 Tematilsyn etter plan

Kommunen utarbeidar ein plan med ulike tema som ein ynskjer å gjennomføre tilsyn med i barnehagane. Her er tema, tidspunkt for gjennomføring og tal barnehagar som skal ha tilsyn lagt opp i ein plan.

Utgangspunktet for planen er risikovurderingar kring type tema, barnehage og metode for tilsynet. Tilsynet vil sette søkelys på innhaldet i barnehagelova og forskriftene.

Målet er å ha eit slikt tilsyn kvart år – i starten av kvart barnehageår.

Denne type tilsyn vert varsla på førehand.

Risikovurderingar vil difor her vera avgjerande for kva for tema vi skal føre tilsyn med, kva for barnehagar som blir valt ut og kva for metode som er det mest føremålstenleg.

Tilsynet skal fungere både som kontroll av barnehagen sin praksis av regelverket, og det skal medverka til kvalitetsutvikling – barnehagen som lærande organisasjon.

### **7.2.2 Tilsyn etter risikovurdering**

Kommunen har utarbeida eit rapporteringsskjema, m.a. skjema for eigenvurdering knytt til trygt og godt barnehagemiljø og andre skjema som barnehagane skal rapportera i. Ut i frå gjennomgang av dette skjema, i tillegg til andre tilbakemeldingar som kommunen har motteke i ulike fora, vil kommunen vurdera om dette er område som viser høg risiko for manglande etterleving av regelverk. Ut i frå denne vurderinga vil det bli oppretta tilsyn med den/dei barnehagane. Denne type tilsyn vert varsla på førehand. Rettleiing kan og vera eit godt alternativ til tilsyn her.

### **7.2.3 Hendingsbasert tilsyn**

Denne type tilsyn vert utført på bakgrunn av bekymring eller klage. Uroa eller klagen kan kome frå foreldre, andre kommunale instansar eller andre. Tema for tilsynet vil vere direkte relatert til informasjonen barnehagemynde har fått kjennskap til. Dersom barnehagemynde får ei klage/meldt ei uro, vert det vurdert om innhaldet er omfatta av barnehagelova med føreskrifter. Deretter må ein vurdere metodebruken opp mot alvorsgrad i innhaldet i klagen.

Ein bør som regel leggja opp til å løysa klagen på lågast mogleg nivå utan opne tilsyn. I dei tilfella barnehagemynde vurderer mogleg lovbrots på bakgrunn av innhaldet i klage og eventuelt informasjon/dokumentasjon frå eigar/styrar, blir det opna tilsyn med barnehagen. Klagen sin alvorsgrad er avgjerande for om det skal vere eit varsle eller ikkje varsle tilsyn med barnehagen.

## **7.2 Saksgang under tilsyn**

1. Førebuingsfase:

Innhenting og samanstilling av informasjon til risikovurderingar. Val av tema, barnehage og tidspunkt for tilsynet. Gjera klar rettsreglane som gjeld. Lov, forskrifter, førearbeida, rettspraksis, forvaltningspraksis, rundskriv og rettleiarar. Utarbeida kontrollskjema – kontrollspørsmål, metode for undersøking og vurdering av dokumentasjon. Utarbeida eigne spørjeskjema der dette er aktuelt.

## 2. Undersøking:

Med utgangspunkt i den dokumentasjonen som barnehagane har sendt inn og aktuell anna dokumentasjon, startar undersøkinga i tilsynet. Barnehagemynde hentar inn opplysningar som kan seia noko om praksisen i barnehagen på området. Desse fakta vert vurderte opp imot gjeldande rettsreglar.

Etter at punkt 1 og 2 er gjennomførte, vil barnehagemynde ha fått svar på alle spørsmåla i tilsynet.

### Framgangsmåte:

- Senda ut varsel om tilsyn / opningsbrev. Kopi til leiar av samarbeidsutvalet i barnehagen
- Gjennomføra formøte – rettleiing
- Førebu og gjennomføra stadleg tilsyn eller anna type tilsyn
- Gjennomføra intervju av tilsette, foreldre, born og observasjon om aktuelt
- Vurdera fakta opp imot dei rettslege krava
- Halda sluttmøte

### Formidling og avslutning:

Barnehagemynde utarbeider ei tilsynsrapport.

Tilsynsrapporten formidlar undersøkinga og konklusjonane i tilsynet.

Er det ikkje avdekka lovbroter eller uforsvarlege tilhøve, vil tilsynet bli avslutta med tilsynsrapporten.

Den endelige rapporten skal innehalde det juridiske, funn under tilsynet / fakta, barnehagemyndigheita sin vurdering av funna opp i mot det juridiske og konklusjon. Det skal her komme fram kva som er vurdert, både juridisk og fakta, og ein grunngjeve konklusjon på om barnehagen føl barnehagelova eller ikkje på tilsynsområdet.

I dei tilfelle det er oppdaga lovbro gjeld forvaltningslova sine reglar i § 16. Eit lovbro skal følgjast opp med eit pålegg om retting.

### **Trinn 1:** Førebels tilsynsrapport med varsel om pålegg

Førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Resultatet frå tilsynet vert formidla og varsel om pålegg om retting av lovbro eller uforsvarlege tilhøve vert sendt i den førebelse tilsynsrapporten. Rapporten skal skildre tema for tilsynet, det juridiske, funn under tilsynet / fakta, barnehagemynde sin vurdering og både dei positive og negative konklusjonane. Barnehagen skal få høve til å kommentere innhaldet i rapporten.

Frist for tilbakemelding vil normalt vera 2 veker

### **Trinn 2:** Endeleg tilsynsrapport med eventuelt vedtak om pålegg om retting.

Når barnehagemynde har motteke barnehagen sin evaluering av rapporten, skal endeleg tilsynsrapport skrivast. Tilbakemeldingane frå barnehagen og barnehagemynde sin vurdering av desse skal også vera del av rapporten.

Rapporten vert endra når dette ligg føre:

Barnehagen peikar på feil i faktum som barnehagemynde har lagt til grunn

Barnehagen har gjennomført tiltak for å rette opp lovbrota.

Dersom barnehagen ikkje har retta opp lovbrota, skal det fattast vedtak med pålegg om retting.

Enkeltvedtak skal følgje reglane i forvaltningslova, og gir barnehagen klagerett på vedtaket.

Vedtaket skal innehalde følgjande:

- Tilsynet sitt tema og omfang
- Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet
- Skildring av faktagrunnlaget
- Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag
- Tilsynet sin konklusjon
- Oppfølging av lovbrota – kva barnehagen må gjere for at lovkrava vert stetta.

Det vert gjeve frist for å gi tilbakemelding om at pålegga vert etterkome. Normalt gir ein ikkje meir enn 2 månader.

Tilsynet kan ikkje avsluttast / lukkast før barnehagen har sannsynleggjord at dei har etterkome pålegga og på den måte retta alle lovbrota. Det kan også være aktuelt med eit oppfølgjande tilsyn for å kontrollere at praksis er endra og at endringa ikkje berre var på tidspunktet for lukking av avviket.

## 8. Internkontroll

Kommunelova § 25 3. ledd stiller krav til at kommunen må ha internkontroll på plass for å sjå til at ein stetter krava som barnehagemynde.

Arbeidet skal være systematisk. I dette ligg at det ikkje skal være hendingsbasert, tilfeldig eller spontant. Men at det er ein samanheng og gjentakande vurderingar. Det er ikkje krav til på kva måte ein legg opp arbeidet.

I rettleiaren til internkontrollbestemminga ( Kommunal og moderniseringsdepartementet) heiter det m.a. at:

*«Kommuneloven § 25-1 gir kommunene en plikt til å ha internkontroll, og oppstiller nærmere krav til internkontrollen. Internkontrollbestemmelsen angir det som kreves som et minimum av internkontroll etter loven, og oppstiller dermed minstekrav til kommunens internkontroll».* Og vidare at:

*«Internkontroll er en del av kommunens samlede egenkontroll, det vil si den kontrollen kommunen fører med egen virksomhet. Internkontrollen utgjør den administrative delen av egenkontrollen, og styres av kommunedirektøren».*

Rettleiaren seier og at kommunelova § 25 – 1 inneheld tre ledd, som må lesast i samanheng:

Fyrste ledd: at det er kommunedirektøren som har ansvaret for kommunen sin internkontroll, og at verkeområde for internkontrollplikta er administrativ og at føremålet er å sikra etterleving av lover og forskrifter.

Andre ledd: seier at internkontrollen skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Tredje ledd: inneheld ei opplisting av konkrete krav til internkontrollen, som utarbeida omtale av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering, naudsynte rutinar og prosedyrer, avvikshandtering m.m.

Barnehagemynde må leggja opp innhald og omfang av internkontroll ut i frå risiko og andre konkrete og lokale tilhøve.

Reflex er eit verktøy på reflex-udir.no som gir kommunen som barnehagemynde eit rettleiingsverktøy for å sjå at eigen praksis er i samsvar med barnehagelova med forskrift ( [www.udir.no](http://www.udir.no) ).

På grunnlag av denne kan ein iverksette tiltak der kommunen oppdagar manglande etterleving av lovverket.

Ein slik vurdering bør gjennomførast årleg.

### **Spørsmål om er naturleg å nytte for kommunen sin barnehagemynde som ledd i risikovurdering av egen praksis er:**

- Har me oversikt over pliktene til eigar av barnehage etter barnehagelova
- Har me tilstrekkeleg kunnskap om på kva måte dei ulike eigarane av barnehagane oppfyller sine plikter etter barnehagelova?
- Bruker me den kunnskapen me har til å gjennomføre risikovurderingar for å vurdere og avdekke behov for rettleiing og tilsyn?
- Gjennomfører rettleiing og tilsyn i tråd med risikovurderingane?

## **9. Evaluering**

Barnehagemynde evaluerer eige arbeid etter avslutta tilsyn. I evalueringa vurderer ein: valde tema, spørsmåla som vart nytta og sjølv gjennomføring av tilsynet. Evalueringa har som mål å utvikla tilsynet vidare og stadig verta betre.

I denne evalueringa kan ein og nytta verktøyet « Reflex» frå Utdanningsdirektoratet.

## 10. Årshjul

Når	Lovbestemming	kontroll
<b>Januar – februar</b>		
Innhenting av informasjon risikovurdering	§ 2 Barnehagens innhold Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver	Oppfyller barnehagen kravet etter Barnehagelova § 2 niende ledd om at årsplanen er fastsett av samarbeidsutvalet? Oppfyller årsplanen kravet til innhold i årsplanen jf. Rammeplanen kapittel 7 ?
<b>Mars – juni</b> Rettleiing - tilsyn	Barnehageloven med forskrifter	Tema ut i frå risikovurdering
<b>Oktober</b>		
Innhenting av informasjon Risikovurdering	§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutvalg  § 9 Internkontroll i barnehagen  § 20 Foreldrebetaling og Forskrift om foreldrebetaling i barnehager  §30 Politiattest og Forskrift om politiattest i barnehager  § 44 Tauthetsplikt  § 45 Opplysningsplikt til sosialtjenesten og den kommunale helse- og omsorgstjenesten  § 46 Opplysningsplikt til barneverntjenesten	Har barnehagen oppretta foreldreråd og samarbeidsutval med korrekt samansetning, jf. Barnehageloven § 4?  Har barnehagen eit systematisk internkontrollsysten?  Er foreldrebetalingen i tråd med Barnehagelova § 20 med forskrifter?  Er politiattest i tråd med reglene i Barnehagelova § 30 med forskrifter?  Vert reglane om teieplikt i forvalningslova praktiserte, se særlig forvalningsloven § 13 c første og andre ledd, jf. barnehageloven § 44?  Fyl ein reglane om opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse – og omsorgstenesta, jf. Barnehageloven § 45?  Fyl ein reglane om opplysningsplikt til barneverntenesta, jf. Barnehageloven § 46?
<b>November</b>		
Rettleiing – tilsyn	Barnehagelova med forskrifter	Tema ut i frå risikovurdering

<b>Desember</b>	§ 24 Styret § 25 Pedagogisk bemanning § 26 Grunnbemanning Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager Forskrift om godkjenning av kvalifikasjoner	Oppfyller barnehagen krava til utdanning i barnehagelova §§ 24 og 25? Oppfyller barnehagen krava til grunnbemanning i barnehagelova § 26? Oppfyller barnehagen krava om tilstrekkelig bemanning i barnehagelova § 26?
<b>Rettleiing - tilsyn</b>	Barnehagelova med forskrifter	Tema ut i frå risikovurdering

## 11. Referansar

Barnehageloven. (2005). Lov om barnehager. (LOV2005-06-17-64). Lovdata. Frå september 2024

Forvaltningsloven. (1970). Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. Lovdata. Frå <https://lovdata.no/dokument/NL/> lov/1967-02-10

Kunnskapsdepartementet. (2021). Tilsyn med barnehager.

Metodehåndbok for tilsyn (udir.no) frå [www.udir.no](http://www.udir.no) av 09.02.2025

Tilsyn med offentlige og private barnehager (udir.no) av 31.07.2023

Kommunens rolle som barnehagemyndighet (udir.no) frå [www.udir.no](http://www.udir.no) av 09.02.2025